

# Prop. 50 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 13. november 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i løyvingar under programkategoriane 21.10 Administrasjon, 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

### 2 Programkategori 21.10 Administrasjon

#### Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

##### *Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar*

Kontingentane til dei internasjonale organisasjonane som Samferdselsdepartementet er medlem i, blir stort sett betalte i euro og sveitsiske franc. Frå kontingentane blei budsjetterte og fram til utbetalingstidspunktet har valutakursane blitt høgare. Kontingentane for eit fleirtal av organisasjonane har derfor auka. Samferdselsdepartementet foreslår å auka løyvinga på kap. 1300, post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar, med 1,3 mill. kr.

### 3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

#### Kap. 1313 Luftfartstilsynet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Aktiviteten i luftfartssektoren er i 2009 høgare enn venta. Den auka aktiviteten inneber særleg ein auke i utskrivinga av flygedugleiksbevis. For Luftfartstilsynet har dette ført til at tilsynsverksemda har auka. Utgiftene til tilsynsverksemda har dermed blitt høgare. Samstundes har inntektene frå denne verksemda auka. Departementet foreslår derfor å auka løyvinga på kap. 1313, post 01 Driftsutgifter, med 9 mill. kr. Inntektene blir auka tilsvarende, jf. kap. 4313, post 01.

#### Kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport

##### *Post 01 Driftsutgifter*

I Statens havarikommisjon for transport blir det oppretta eit fast sekretariat som kan tre i funksjon viss det blir aktuelt å oppnemna ein særskild granskingskommisjon i samband med ei ulykke i petroleumssektoren. I tillegg til dei faste årlege utgiftene for sekretariatet, jf. omtale i Prop. 1 S (2009–2010), er det eingongskostnader ved starten. Desse er rekna til 220 000 kr og er rammeoverført frå budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdeparte-

mentet. Samferdselsdepartementet foreslår å auka løyvinga på kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 220 000 kr.

### **Kap. 4313 Luftfartstilsynet**

#### *Post 01 Gebyrinntekter*

Samferdselsdepartementet foreslår å auka løyvinga på kap. 4313, post 01 Gebyrinntekter, med 9 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1313, post 01 Driftsutgifter.

### **Kap. 5619 Renter av lån til Oslo Lufthavn AS**

#### *Post 80 Renter*

Låneavtalen mellom staten og Oslo lufthavn AS er samansett av fleire gjeldsbrev. I gjeldsbreva er det m.a. fastsett reglar om renta og når ho skal fornyast.

Nivået på NIBOR-renter og på 5-års statsobligasjonsrenter har blitt lågare enn det som var lagt til grunn ved budsjetteringa. For lånet til Oslo Lufthavn AS utgjør dette ein reduksjon på om lag 24,2 mill. kr.

Staten har i 2009 gitt avdragsfridom på lånet. Dette aukar renteinntektene med om lag 4 mill. kr.

Samferdselsdepartementet foreslår å redusera løyvinga på kap. 5619, post 80 Renter, med i alt 20,2 mill. kr.

## **4 Programkategori 21.30 Vegformål**

### **Kap. 1320 Statens vegvesen**

#### *Post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.*

I midten av mai 2009 var det ei ulykke på E6 Follo-tunnelen i Vestby kommune. Eit vogntog kom ut av kontroll og kolliderte med betongveggane på begge sider i tunnelen før det tok fyr. Dette førte til at strekninga var stengt i fleire veker. Arbeidet ser ut til å kosta om lag 20 mill. kr. Ein reknar med at forsikringsselskap dekkjer om lag 10 mill. kr. Utgiftene for staten blir dermed om lag 10 mill. kr.

I samband med raset på rv 70 Oppdølstranda i Møre og Romsdal, jf. nærare omtale under post 31 Rassikring, er kostnadene knytt til drift og vedlikehald rekna ut til om lag 2 mill. kr for umiddelbar opprydding og fjellrensk.

#### *Realistisk budsjettering av inntekter*

På grunn av dei endra inntektsoverslaga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m. og post 03 Refu-

sjonar frå forsikringsselskap, foreslår departementet å auka løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald, med 76,5 mill. kr. Auken i løyvinga har ikkje nokon effekt på aktivitetsnivået i Statens vegvesen, jf. omtalen under kap. 4320, postane 01 og 03.

#### *Oppsummering*

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å auka løyvinga på kap. 1320, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar m.a., med i alt 88,5 mill. kr.

#### *Post 30 Riksveginvesteringar*

I samband med sprengingsarbeid på prosjektet E6 Vist – Jevika – Selli gjekk det 30. juni 2008 eit ras i Løsberga sør for Steinkjer, jf. omtale i St.prp. nr. 72 (2008-2009). Om lag 8 000 m<sup>3</sup> steinmasse rasa ut. Raset førte til at jernbanen var stengt i to dagar, medan vegen var stengt til 11. juli 2008. Det blei oppretta omkøyning via kommunal veg ved Lø.

Oppryddingsarbeid og vidare forsiktig sprenging heldt fram, men 3. november 2008 skjedde det ei ny utgliding i dei same rasmassane. Etter dette var jernbanen stengt til 8. november, medan vegen var stengt til 16. februar 2009. Meirkostnadene knytt til oppryddingsarbeid, trafikkavvikling i periodane med stenging og godtgjersle til Jernbaneverket er no rekna ut til 67 mill. kr. For å dekkja delar av dei utgiftene som må betalast i 2009, er det behov for 32 mill. kr.

#### *Realistisk budsjettering av inntekter*

På grunn av dei endra inntektsoverslaga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., foreslår departementet å auka løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med 13 mill. kr. Auken i løyvinga har ikkje nokon effekt på aktivitetsnivået i Statens vegvesen, jf. omtalen under kap. 4320, post 01.

#### *Oppsummering*

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å auka løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med i alt 45 mill. kr.

#### *Post 31 Rassikring*

I juni 2009 gjekk det eit ras på rv 70 langs Oppdølstranda i Møre og Romsdal. For å kunna opna vegen att var det nødvendig med ein del tiltak. Det er vidare lagt opp til at staten gir midlar til båttransport også etter gjenopning av vegen og så lenge det er nødvendig med alternativ transport, jf. Prop. 1 S (2009-2010). Kostnadene knytt til oppryddings-

arbeid, sikringsarbeid langs vegen, reparasjon av ferjekaiar og båttransport i 2009 er rekna ut til 43 mill. kr. Av dette blir det foreslått å dekkja 41 mill. kr over kap. 1320, post 31 Rassikring, medan 2 mill. kr blir dekt over post 23, jf. omtalen under kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

Samferdselsdepartementet foreslår å auka løyvinga på kap. 1320, post 31 Rassikring, med 41 mill. kr.

### **Kap. 4320 Statens vegvesen**

#### *Post 01 Salsinntekter m.m.*

Statens vegvesen har inntekter frå m.a. tilbakebetaling frå bompengeselskapa av utlegg som Statens vegvesen har hatt i samband med kjøp av bompengebrikker og sal av kjennemerke. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vera vanskeleg å fastsetja nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Inntektene på post 01 er venta å utgjera om lag 190 mill. kr i 2009. Dette er 43 mill. kr meir enn det er budsjettert med. Det er knytt noko uvisse til prognosen på 190 mill. kr. Det blir foreslått å auka løyvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med 43 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., og post 30 Riksveginvesteringar.

#### *Post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap*

Statens vegvesen mottek innbetalingar frå forsikringsselskap. Dette gjeld faktiske utgifter for skadar som køyretøy har påført m.a. vegutstyr. Refusjonane har ei tilsvarende utgiftsside. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vera vanskeleg å fastsetja nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Inntektene på post 03 er venta å utgjera om lag 90 mill. kr i 2009. Dette er 46,5 mill. kr meir enn det er budsjettert med. Omfanget av forsikringsskadar er vanskeleg å slå fast. Det blir foreslått å auka løyvinga på kap. 4320, post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap, med 46,5 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

## **5 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak**

### **Kap. 1330 Særskilde transporttiltak**

#### *Post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen - Kirkenes*

I St.prp. nr. 24 (2008-2009) blei det gjort greie for resultatet av tingingane om ei revidert avtale mellom staten og Hurtigruten ASA, jf. også Innst. S. nr. 92 (2008-2009). Selskapet skal m.a. få kompensert for innføring av NOx-avgift.

Ved handsaminga av St.prp. nr. 67/Innst. S. nr. 355 (2008-2009) blei løyvinga til Hurtigruten ASA auka med 7,2 mill. kr som kompensasjon for selskapet sine innbetalingar til NOx-fondet for andre halvår 2008. Tilsvarende foreslår Samferdselsdepartementet no å auka løyvinga på kap. 1330, post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen – Kirkenes, med 5,9 mill. kr som kompensasjon for Hurtigruten ASA sine innbetalingar til NOx-fondet for første halvår 2009.

## **6 Programkategori 21.50 Jernbaneformål**

### **Kap. 1350 Jernbaneverket**

#### *Post 23 Drift og vedlikehald*

På grunn av dei endra inntektsoverslaga på kap. 4350, som er knytt til drift og vedlikehald, foreslår departementet å auka løyvinga på post 23 Drift og vedlikehald, med i alt 50,9 mill. kr, jf. omtalen av postane under kap. 4350.

### **Kap. 4350 Jernbaneverket**

#### *Post 01 Køyrevegsavgift*

Det blir betalt køyrevegsavgift for malmtransporten på Ofotbanen. Som følge av finanskrisa og dårlegare konjunkturar har det blitt mindre malmtransport enn lagt til grunn ved fastsetjinga av løyvinga for 2009. Det er knytt ugifter til desse inntektene. Departementet foreslår derfor å redusera løyvinga på kap. 4320, post 01 Køyrevegsavgift, med 13 mill. kr.

#### *Post 02 Sal av utstyr og tenester mv.*

Jernbaneverket har inntekter frå m.a. sal av jernbanetekniske tenester. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene varierer frå år til år, noko som gjer det vanskeleg å fastsetja nivået ved budsjetteringa.

Sal av varer og tenester frå Jernbaneverket har vore større enn det som var lagt til grunn ved fastsetjinga av løyvinga for 2009. Dette har m.a. samanheng med høgare aktivitetsnivå i Jernbaneverket, noko som gir større utleige av personell frå Jernbaneverket til Jernbaneverkets underleverandørar. Departementet foreslår å auka løyvinga på kap. 4350, post 02 Sal av utstyr og tenester, med 121,9 mill. kr.

*Post 06 Vidaresal av elektrisitet til togdrift*

Jernbaneverket sel vidare elektrisitet. Det er utgifter knytt til dette. Inntektene kan variera frå år til år. Det kan vera vanskeleg å fastsetja nivået ved budsjetteringa. Inntektene i 2009 blir lågare enn budsjettert m.a fordi det har vore mindre godstrafikk på jernbanen som følgje av finanskrisa og dårlegare konjunkturar. Departementet foreslår å redusera løyvinga på kap. 4350, post 06 Vidaresal av elektrisitet til togdrift, med 58 mill. kr.

## **7 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar**

---

### **Kap. 4380 Post- og teletilsynet**

*Post 01 Diverse gebyr*

I samband med lønsoppgjeret for 2009 er Post- og teletilsynet tildelt 618 000 kr i lønskompensasjon på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Staten er sjølvfinansierende. Departementet foreslår derfor å auka løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, med 618 000 kr.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2009 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål                                                                                                                                                             | Kroner     |
|------|------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 1300 |      | Samferdselsdepartementet:                                                                                                                                          |            |
|      | 70   | Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med.....<br>frå kr 19 300 000 til kr 20 600 000                                                               | 1 300 000  |
| 1313 |      | Luftfartstilsynet:                                                                                                                                                 |            |
|      | 01   | Driftsutgifter, blir auka med .....<br>frå kr 168 515 000 til kr 177 515 000                                                                                       | 9 000 000  |
| 1314 |      | Statens havarikommisjon for transport:                                                                                                                             |            |
|      | 01   | Driftsutgifter, blir auka med .....<br>frå kr 50 488 000 til kr 50 708 000                                                                                         | 220 000    |
| 1320 |      | Statens vegvesen:                                                                                                                                                  |            |
|      | 23   | Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., <i>kan overførast,</i><br><i>kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72,</i> blir auka med..... | 88 500 000 |
|      | 30   | Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23,</i><br><i>post 29, post 31, post 60 og post 72,</i> blir auka med.....                         | 45 000 000 |
|      | 31   | Rassikring, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30 og post 60,</i><br>blir auka med.....                                                                     | 41 000 000 |
|      |      | frå kr 502 500 000 til kr 543 500 000                                                                                                                              |            |
| 1330 |      | Særskilde transporttiltak                                                                                                                                          |            |
|      | 70   | Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen – Kirkenes,<br>blir auka med.....                                                                                | 5 900 000  |
|      |      | frå kr 319 300 000 til kr 325 200 000                                                                                                                              |            |
| 1350 |      | Jernbaneverket:                                                                                                                                                    |            |
|      | 23   | Drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30,</i><br>blir auka med.....                                                                      | 50 900 000 |
|      |      | frå kr 4 703 400 000 til kr 4 754 300 000                                                                                                                          |            |

## Inntekter:

| Kap. | Post | Formål                                                                                               | Kroner      |
|------|------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|
| 4313 |      | Luftfartstilsynet:                                                                                   |             |
|      | 01   | Gebyrinntekter, blir auka med.....<br>frå kr 115 800 000 til kr 124 800 000                          | 9 000 000   |
| 4320 |      | Statens vegvesen:                                                                                    |             |
|      | 01   | Salsinntekter m.m., blir auka med.....<br>frå kr 147 000 000 til kr 190 000 000                      | 43 000 000  |
|      | 03   | Refusjonar frå forsikringsselskap, blir auka med .....<br>frå kr 43 500 000 til kr 90 000 000        | 46 500 000  |
| 4350 |      | Jernbaneverket:                                                                                      |             |
|      | 01   | Køyrevegsavgift, blir redusert med .....<br>frå kr 25 000 0000 til kr 12 000 000                     | 13 000 000  |
|      | 02   | Sal av utstyr og tenester, blir auka med.....<br>frå kr 113 100 000 til kr 235 000 000               | 121 900 000 |
|      | 06   | Vidaresal av elektrisitet til togdrift, blir redusert med.....<br>frå kr 283 100 000 til 225 100 000 | 58 000 000  |
| 4380 |      | Post- og teletilsynet                                                                                |             |
|      | 01   | Diverse gebyr, blir auka med.....<br>frå kr 170 600 000 til kr 171 218 000                           | 618 000     |
| 5619 |      | Renter av lån til Oslo Lufthavn AS                                                                   |             |
|      | 80   | Renter, blir redusert med .....<br>frå kr 257 000 000 til kr 236 800 000                             | 20 200 000  |

---



---



